



Så langt hadde scenerigginga kome torsdag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Festidalen minnar om familiearrangementet laurdag .**

**På grunn av usikre meldingar vil kåring av Festidalen minirockestjerner for dei opp til 12 år og gitarherokurransen for dei over 12 år, bli flytta inn på Vertshuset. Resten vil foregå på og rundt huset, blir det opplyst i ei pressemelding.**



Dette er det fantasifulle og fargerike Festidalen-kunstverket til Gaute Haugland. No er det å finna ved bygningen som ligg nærast brua.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er fortsatt mogeleg å melda seg på til desse konkurransane, i tillegg til tevlinga om kven som har verdas sterkaste pappa.

Pressemeldinga held fram:

Til dei som melder seg på minirocken, er det ein fordel om me kan få påmeldingane snarast slik at me kan finna fram låten dei vil opptre med. Påmelding til [javascript:top.opencompose\('hege@festidalen.no','.',',','1'\)](mailto:hege@festidalen.no) eller 40 44 47 67.

I tillegg til dette vil det verta radiobilkjøring, kjøring med redningsbåt, hesteridning, lykkehjul, dart, hesteskokasting, hoppeslott, kano, ansiktsmaling og sal av grillmat.

Me kan elles opplysa om at billettsalet går strykande, og at det er større førehandssal enn nokon gong. Billettar kan framleis kjøpast hjå Spar Uskedalen, Statoil Husnes og billett-service. Dersom det fortsatt er billett-er igjen når me startar vil desse bli selde i døra.

På grunn av vermeldingane oppfordrar me folk til å kle seg med støvlar og regnjakke. Paraply er forbode å ta med inn på området.

Det er sett opp buss til Utåker, Sæbøvik, Husnes, Løfallstrand kl 01.30. begge dagar. Billettar til dette vert å kjøpa ombord.

- Vel møtt til ei skikkeleg fest-helg for store og små i Uskedalen. Som sagt tidlegare er området no delt opp slik at dei som ynskjer å ta med borna på festival, har moglegheit til dette.

Born under 12 år i fylgje med vaksne kjem gratis inn, blir det streka under i pressemeldinga.





Frivillige som stiller opp for Festidalen: Anette Vethus, Wermund Vethus, Even Stensletten, Øystein Eikenes, Tore Kyrkjebø, Kasper Andersen, Carina Wangenstein, Bjarte Døssland og Knut Tore Bratland. (Foto: Kvinnheringen)